



Austevoll kommune

MØTEINNKALLING

Utval: ELDRERÅDET
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 09.12.2009 Kl. 10:00

Eventuelt forfall skal meldast til tlf. 55 08 10 00 Offentleg servicekontor.
Varamedlemar møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møte er ope for tilhøyrarar.
Saksdokument er lagde ut til offentleg gjennomsyn på Offentleg servicekontor.

SAKSLISTE

Sak nr.	Saktittel
020/09	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE I ELDRERÅDET 12.10.2009
021/09	BUDSJETT 2010 - ØKONOMIPLAN 2010-2013
022/09	YMSE - ELDRERÅD 01.12.2009

Storebø, 04.12.2009g

Knut K Kalvenes
Leiar

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
020/09	ELDRERÅDET	09.12.2009	Norunn Malene Storebø

Arkivsaknr. 09/1997	Arkiv: FE-
---------------------	------------

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE I ELDRERÅDET 12.10.2009

Rådmannen si tilråding:

Møteboka frå møte i Eldrerådet 12.10.09 vert godkjent slik ho ligg føre.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
24.11.2009 12:25:41	MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 12.10.09

Bakgrunn for saka:

Møteboka er lagt ut på kommunen si heimeside under saksdokument www.austevoll.kommune.no og ligg med saka som vedlegg.

Vurdering:



Austevoll kommune

ELDRERÅDET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 12.10.2009

Møtetid:

Kl. 17:00 –

Møtestad: Kommunestyresalen


Saksnr.:

016/09 - 019/09

Følgjande medl.møtte:	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Knut K Kalvenes			
Marta Aud Troland			
Olav Grasdahl			
Kirsten Taranger			
Ingjald Birkeland			


Møteleiar:	Knut K Kalvenes
Frå adm. møte:	Helse- og sosialrådgjevar Jofrid Troland
Utlevert i møtet:	
Merknader	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader
Diverse:	

Underskrifter:




Knut K Kalvenes


Leiar



Marta Aud Troland



Olav Grasdahl



Kirsten Taranger

Ingjald Birkeland

016/09: GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE I ELDRERÅDET 10.09.2009

Rådmannen si tilråding:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre

12.10.2009 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

ELD-016/09 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre

017/09: BUDSJETTKONTROLL PR AUGUST MND 2009 - HELSE- OG SOSIALETATEN

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram for drøfting utan tilråding.

07.10.2009 TENESTEUTVALET

Handsaming i møtet:

TEN-033/09 Vedtak:

Tenesteutvalet tek rapporten til orientering.

08.10.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Møtet vart lukka i ein periode under handsaming av sak 106/09.

Framlegg frå ordføraren:

”Austevoll formannskap tar budsjettkontrollen til førebels orientering og vil avvente vidare handsaming når KPMG sin rapport er klar 15. oktober. Den vil bli handsama i kommunestyret 22. oktober etter tilråding frå kontrollutvalet 21. oktober.

Formannskapet vil uavhengig av dette signalisere til administrasjonen at signal om at budsjettdisiplin og budsjetttrammer er viktig ligg fast.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FSK-106/09 Vedtak:

Austevoll formannskap tar budsjettkontrollen til førebels orientering og vil avvente vidare handsaming når KPMG sin rapport er klar 15. oktober. Den vil bli handsama i kommunestyret 22. oktober etter tilråding frå kontrollutvalet 21. oktober.

Formannskapet vil uavhengig av dette signalisere til administrasjonen at signal om at budsjettdisiplin og budsjetttrammer er viktig ligg fast.

12.10.2009 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

ELD-017/09 Vedtak:

Austevoll Eldreråd ser med uro på dei store overskridingane i helse- og sosialsektoren og reknar med at administrasjonen vil leggja fram ei tilråding om korleis ein vil koma i balanse og kva for sektorar ein vil føreta innskrenkingar. Vil ein føreta ei omprioritering mellom skule – helse – omsorg?

Austevoll Eldreråd ser at det ikkje er reelt forhold mellom budsjett og drift.

018/09: SITUASJONEN FOR LEGETENESTA NO OG I FRAMTIDA

Rådmannen si tilråding:

Spørsmålet om styrking av legetenesta vert å vurdera i budsjett- og økonomiplansamanheng.

12.10.2009 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

ELD-018/09 Vedtak:

Austevoll Eldreråd meiner at kommunen må halde fast på det vedtak som er gjort: *for ei samlokaisling av legetenesta i kommunen:*

1. Byggja nytt lege- og helsesenter på tomta v/Storebø po.senter.
2. Eller at ein går saman med privat utbyggjar.

Austevoll kommune må leggje som ei målsetjing å få dette til innan 2012.

Skal Austevoll kommune få ei moderne og tilfredsstillande lege- og helseteneste må den i dag arbeide aktivt for å få gode arbeidsvilkår og buforhold for lege- og helsetenesta.

Den nye helsereformen legg opp til ein heilt ny situasjon for kommunane. Berre dei kommunane som har lagt forholda til rette, vil vera konkurransedyktig med omsyn til å få nye legar. Austevoll må og vurdera om ein kan dela ein legestilling mellom ein av omegn-kommunane.

019/09: DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN- TILSKOT

Rådmannen si tilråding:

Vert lagt fram utan tilråding

12.10.2009 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

ELD-019/09 Vedtak:

Eldretreff får tildelt kr 25.000,- av kulturmidlane. Lagt føring frå Eldrerådet at delar av midlane går til "busstur med kultur mål" våren 2010. Song og dykjelaget får tildelt kr 25.000,- til prosjekt "Gamle lokale viser"

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
141/09	FORMANNSKAPET	02.12.2009	Rolf E. Nøstdal
021/09	ELDRERÅDET	09.12.2009	Liv Bente Storebø
021/09	RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	09.12.2009	Liv Bente Storebø
	KOMMUNESTYRET	17.12.2009	Liv Bente Storebø

Arkivsaknr. 09/725	Arkiv: FE-150
--------------------	---------------

BUDSJETT 2010 - ØKONOMIPLAN 2010-2013

Rådmannen si tilråding:

1. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2010 og økonomiplan 2010-2013 med følgjande endringar:
2. Austevoll kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for 2010-2013 med følgjande endringar:
3. Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskriving av skatt på formue og inntekt for 2010 vert høgste sats lagt til grunn.
4. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på ”verk og bruk”, ”næringsseigedomar” og fiskeoppdrettsanlegg” for 2010 med 7,0 promille (høste sats). Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
5. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på andre eigedomar for 2010 med ein skattesats på 3,0 promille. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.

6. Austevoll kommunestyre vedtek at med bakgrunn i eit oppsamla underskot på 30,8 mill. kroner, og den generelle økonomiske situasjonen, vert søkt om å få driftskreditten på 30,0 mill. kroner fram til 01.05.2010 og 25 mill. ut året. Frå mai 2010 vil ein få effekt av innsparingstiltaka.
7. Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar for 2010 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
8. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil 9,9 mill. kroner til finansiering av investeringar i 2010. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
9. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp startlån på kr. 4.000.000,- for 2010 for vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
10. Austevoll kommunestyre godkjenner at det vert nytta inntil 2,0 mill. kroner av premiefonda i Vital og KLP til dekking av pensjonskostnader i 2009

...

Vedlagte saksdokument:

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2010.
2. Rådmannen sine kommentarar til budsjett og økonomiplan.
3. Oversikt på innsparing 2010 og årseffekt
4. Innkome merknader og uttaler

Bakgrunn for saka:

Etter § 44 skal kommunestyret vedta ein økonomiplan etter tilråding frå formannskapet. Første året i økonomiplanen vil vera årsbudsjett 2010. Årsbudsjett og økonomiplan vert difor lagt fram for kommunestyret som ei sak.

Formannskapet har vedteke at for 2010- budsjettet skal politisk nivå tidlegare inn i budsjettprosessen. Budsjettprosessen så langt har vore følgjande:

- I juni vart det sendt ut eit budsjettnotat til alle avdelingane.
- Det har vert to samlingar med formannskap og alle leiarane.
- Leiarane har utarbeide utfordringsnotat.
- Formannskapet har hatt arbeidsmøte med rådmann og etatsleiarar.
- Rådmann har hatt møte med alle leiarane og informert om status etter arbeidsmøte med formannskapet.

Ut over dette har det vert ein rekke administrative arbeidsmøte.

Årsbudsjettet og økonomiplanen skal liggja ute til offentlig ettersyn i minst 14 dagar før førehaving i kommunestyret.

Kommentarane til budsjett og økonomiplan er utarbeidd i samsvar med rådmannen si tilråding til budsjett og økonomiplan. Etter at formannskapet har vedteke tilråding til kommunestyret, vil det bli utarbeida kommentarar i samsvar med vedtak frå formannskapet.

Innkomne merknader og uttaler til budsjett og økonomiplan vil verta lagt ved saka etter kvart som dei kjem inn.

Vurdering:

Rådmannen sitt budsjettframlegg for 2010 har ei økonomisk ramme på 284,8 mill. kroner. Budsjettet er i balanse. Det er i budsjett satt av 2. mill. kroner til uventa utgifter og 5 mill. til nedbetaling av akkumulert underskot. Det vil si at vi har 277,8 mill. kroner til drift av Austevoll kommune.

Vidareføring av aktivitetsnivået 2009, vil gå langt ut over dei inntektene som vi har til rådvelde for 2010. Aktivitetsnivået må derfor endrast slik at det er i samsvar med dei inntektene som kommunen har. Enkelte område i budsjett må styrkast sett i forhold til budsjett 2009, til dømes legetenesta. Andre område må reduserast eller bli tatt heil bort for å få balanse.

Investeringsbudsjett 2009 har ei økonomisk ramme på 29,2 mill. kroner. Dette inkluderer fiskerihamn i Bekkjarvik med 12,8 mill. kroner.

Investeringsbudsjettet er i hovudsak finansiert ved ordinære låneopptak og tilbakebetaling av forskott på vegbygging.

Eigedomsskatten ver vidareført på same nivå som 2009. Tenester innanfor Plan- og bygningsslova skal vere sjølvfinansierande og avgiftsnivået blir tilpassa dette.

Rådmannen sin førebelse forslag til endra drift vart lagt fram for formannskapet på arbeidsmøte 25.11.09 og gjelder følgjande område:

Handling
Sentraladministrasjonen
Auka inntekter overordna planlegging
Auke husleige omsorgsbustader med kr. 1000 pr mnd fra april 2010
Auke gebyr på kart og oppmåling
Tilskot landbruk utgår i tillegg til auka delingsgebyr
Redusere åpningstid sentralbord til kl. 10-14
Vedlikahald kommunale veier består kun i brøyting
Bruk av premiefond Vital
Undervisning & Kultur
Møkster skule legges ned
Kolbeinsvik Skule legges ned
Småtun Barnehage legges ned, lite innsparing i 2010

Redusere 0,4 % stilling skulekontor
Ta bort halvparten av psykologi tenestene
Selbjørn SFO Legges ned
Felles administrasjon med Ungdomsskulen og Vaksenopplæringa, inga innsparing i 2010
Redusere tilbudet i kulturskulen
Alle tilskot til kulturformål går ut
Redusere vedlikehold Austevollshallen
Reduksjon rammetimetil til sammen 3 stillinger
Helse & Sosial
Reduseres Psykiatrisk sjukepleieteneste til 1 stilling
Halvere tilbudet på avlastning barn på Stangeland Gård
Redusere kjøp av tenester v/Sosialkontortenester
Nattevakt heimesjukepleien, redusere med 1 stilling
Selbjørn PO Senter og onsgrom legges ned, dobbeltrom storebø PO senter må nyttast
Helsestasjonen/jordmorteneste reduserer med 90% stilling
Eidsbøen Bufellesskap reduserer med 1. stilling
Nedlegging aktivitor Sjukeheim

Det vil bli lagt fram til formannskapsmøte eit eige notat på kor stor innsparinga blir i 2010 og heilårseffekt for 2011. I notatet er det også ført inn ein del korrigeringar, mellom anna eit auka anslag på frie inntekter fordi skatteinngangen november i år var særdeles god.

Det vert elles vist til det som går fram av eige kommentarhefte til budsjett og økonomiplan.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
022/09	ELDRERÅDET	09.12.2009	Norunn Malene Storebø

Arkivsaknr. 09/1998	Arkiv: FE-
---------------------	------------

YMSE - ELDRERÅD 01.12.2009

Rådmannen si tilråding:

Vedlagte saksdokument:

Bakgrunn for saka:

Vurdering: